



Uttale til planinitiativ Skarsvegen gbnr. 145/17 m. fl.

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Innanfor planområdet er det i dag ein eksisterande bustad, Skarsvegen 300. Denne eigedomen er registrert med 6m³ slamavskiljar.

Planinitiativet viser 4 einebustadar og eit fellesbygg (grendehus). Forslagsstillar vil tilby naboar i Skarsvegen 313, 311A/B, 301 og 305 etablering av felles septiktank på tomt D syd for felleshuset.

Planområdet grensar i sør mot eigedom gbnr. 145/84, der det er fremja planinitiativ i 2021 av forslagsstillar Reknes byggevarer AS. Det går ikkje klart fram av planinitiativet kor mange bueining det vert lagt opp til her.

Vurdering

Planinitiativet i Skarsvegen gbnr. 147/17 legg opp til utslipp frå 9 bueiningar og eit fellesbygg. Totalt sett kan dette definerast som eit anlegg under 50 pe og kan byggjast som eit privat anlegg, men det vil liggje heilt i grensa for at det skal vere eit offentleg anlegg.

Alver kommune ved miljøavdelinga ser positivt på eit initiativ som tek med seg dei fire husa på oppsida av Skarsvegen. Avløp frå desse husa går i dag direkte ureinsa til sjø i Alversundet.

Nye reguleringsplanar må ta høgde for å etablere nye avløpsanlegg og då med høg grad av reinsing (minireinseanlegg). Grensa for når eit anlegg skal vere kommunalt går ved 50 pe. (dvs. meir enn 10 bueiningar). Reguleringsplanen knytt til eigedom gbnr. 145/84 legg opp til meir enn 10 bueiningar og vil krevje eit offentleg anlegg.

Statsforvaltaren set krav til høg grad av reinsing i Lurefjorden og Lindåsosane (litt lenger nord). Situasjonen i Austesundet/Alversundet/Alverstraumen er ikkje noko betre enn i Lurefjorden og med aukande utbygging på begge sider av straumen vil utslippsmengda auka i større grad.

Allereie i 2016 vart det peika på at skjerpa krav til reinsing kan vere aktuelt for utslipp til Austesundet (Radsundet) og situasjonen har ikkje endra seg sidan den gong.

Hovudplan avløp Radøy 2016 har i punkt 3.5.2 Austmarka følgjande:

3.5.2 Austmarka

Bustad- og skuleområde mellom fv565 og sjø (Radsundet), det er etablert 2 avskilte kommunale avløpsanlegg med kvar sin slamavskiljar (123 m³ og 30 m³) og utslipp til Radsundet. Anlegga blei bygd i h.v. 1971 og 1990. Tilstand er ukjend.

Det er regulert eit nytt bustadfelt (Austmarka øvre) med ca. 100 nye bueiningar på vestsida av Fv 565. Avløp frå dette feltet må byggjast i privat regi, med eiga leidning mot sjø og slamavskiljar (eksisterande kommunale har ikkje kapasitet). Utslipp kan eventuelt knytast til eksisterande utslppsleidning (utbyggingsavtale), men det kan vere aktuelt med skjerpa krav til reinsing som følgje av ny kunnskap om tilhøva i resipienten.

Vidare er det planlagt enda to bustadfelte sør for det eksisterande feltet.

Dette er rett nok på motsett side av planområdet, men resipienten vil vere den same.



Konklusjon

Planinitiativet i Skarsvegen gbnr. 145/17 m/ fl. med 4 nye bueiningar + fellesbygg + 5 bueiningar vil liggje heilt i grenseland om det skal vere privat eller offentleg anlegg. (Grensa går ved 50 pe.)

Planinitiativet i sør vil vere større enn 50 pe. og skal vere eit offentleg anlegg.

Det er miljøavdelinga si vurdering at begge planinitiativa i Skarsvegen bør samordnast i eit felles offentleg reinseanlegg med høg grad av reinsing.

Frekhaug 07.09.2022

Hogne Askeland

Avdeling for miljø og tilsyn